



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Bremanger Fiskeindustri A/S

6913 KALVÅG

Endra namn til Domstein Kalvåg, overteke av Norway Pealgic Kalvåg AS

Dykkar ref.

Vår ref.
1997/02607- 9/461.31/BN
A

Leikanger
19.05.99

BREMANGER FISKEINDUSTRI A/S - LØYVE TIL UTSLEPP AV AVLØPSVATN FRÅ FOREDLINGSANLEGG FOR FISK I KALVÅG - BREMANGER KOMMUNE

Vi syner til dykkar søknad dagsett 17.04.1997, og til seinare korrespondanse.

Orientering om saka.

Bremanger Fiskeindustri A/S i Kalvåg fekk den 18.02.1983, på visse vilkår løyve til utslepp av prosess- og sanitæravløpsvatn til hamnebassenget. Løyvet vart då gitt på grunnlag av ein produksjon på 3.000 tonn pr. år. Produksjonsmengda ved verksemda har etter dette auka vesentleg, og er i søknaden oppgitt til knapt 20.000 tonn pr. år i dag. Det blir søkt om utsleppsløyve på grunnlag av ein framtidig samla produksjon på 35.500 tonn.

Søknaden gjeld òg endra utsleppspunkt, og Kystverket v/Kystdirektoratet har i brev dagsett 10.06.1998 gitt løyve til utlegging av leidningar på sjøbotnen.

Søknaden vart lagt ut til offentleg gjennomsyn etter «Forskrift om saksbehandling etter forurensningsloven», men det har ikkje kome inn merknader til saka.

----- O -----

Med heimel i § 18 i ureiningslova, jf. rundskriv T-5/91 frå Miljøverndepartementet, blir utsleppsløyve dagsett 18.02.1983 trekt tilbake. Med heimel i §§ 11 og 16 i den same lova, jf. rundskriv T-5/91, får Bremanger Fiskeindustri A/S nytt løyve til utslepp til luft og vatn, samt støytilhøve, for fiskeforedlingsverksemda i Kalvåg - Bremanger kommune. UTM-koordinatar: 32 V 282700 6854900

- ./.. Løyvet gjeld for eit samla produksjonsvolum på 35.500 tonn pr. år, jf. ramma for løyvet, og elles på dei vilkåra som går fram av vedlegg.

Oversikt over fristar som gjeld:

1. mars kvart år	Innsending av eigenrapport. Sjå vilkår 5.4.
------------------	---

RAMMA FOR LØYVET

Løyvet gjeld følgjande produksjonsrammer:

Produkt	Produsert mengde i dag (tonn/år)	Ny produksjonsgrense (tonn/år)
Filet pelagisk	15.700	30.000
Tønnepakking, pelagisk	4.000	5.000
Vacumert (mogna) sild	200	500

OVERSIKT OVER FRISTAR

Tiltak	Tidsfrist
Ta i bruk ny utsleppsstad (ny utsleppsleidning)	01.06.2000
Alt prosessvatn skal reinsast i samsvar med krava i punkt 1.1.	31.12.2000
Avvikle deponering i sjø av avfall etter produksjon av ensilasje jf. pkt. 1.2	31.12.2000

GRUNNGJEVING FOR AVGJERDA

Bremanger Fiskeindustri A/S er lokalisert like i nærleiken av Kalvåg sentrum. Kalvåg er ein turiststad der folkemengda aukar mykje gjennom sommarsesongen. Tilknyttinga til bruken av sjøen er viktig for reiselivet. Vassutskiftinga i hamneområdet er truleg periodevis dårleg slik at området er sårbart for utslepp av avløpsvatn, anten dette kjem frå Bremanger Fiskeindustri A/S eller andre.

Bremanger Fiskeindustri A/S sine planar går ut på å leggje ny utsleppsleidning, og på denne måten føre avløpsvatnet vekk frå det sårbare hamnebassenget og ut i fjordstraumen på om lag 25 meter djupne. Vi trur dette tiltaket vil betre vasskvaliteten i sjøen ved Kalvåg hamn mykje. Det er sett frist til 1. juni år 2000 til å ta i bruk ny utsleppsstad.

Dei nye produksjonsrammene fører til ei monaleg utviding av produksjonen ved verksemda. Dette vil i utgangspunktet føre til auka tilførsel til resipienten og auka påverknad av nærrområda. Men med bakgrunn i god ressursutnytting ved verksemda, og ny og betre utsleppsleidning, finn vi det omsøkte auken av produksjonen akseptabel.

Verksemda søkjer om å få noko tid til å oppgradere reinseanlegga/setje i verk betre reinsetiltak for prosessavløpet. Det er sett frist til utgangen av år 2000 til å gjennomføre dette. Vidare blir det opplyst at verksemda pr. i dag ikkje har ei tilfredsstillande løysing for botnfall etter produksjon av ensilasje, og søkjer om eit mellombels løyve til å deponere dette avfallet i sjøen. Det er sett frist til utgangen av år 2000 for å avvikle dette utsleppet.

ENDRING ELLER ATTENDEKALLING AV LØYVET

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende.

UREININGSGEBYR, STRAFF

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

Brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan etter ureiningslova straffast, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

ERSTATNINGSANSVAR, OM KLAGERETTEN

Dette løyvet fritenk ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgevinga.

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen.

Med helsing

Gunnar Bergo
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Bjarne Nes. Tlf.: 57 65 51 49

Vedlegg

Kopi m/vedlegg: Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalstaben, 6861 Leikanger
Bremanger kommune, 6723 Svelgen
Kystverket 2. Distrikt, Postboks 466, 5501 Haugesund
VASS, BN, GHA

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1. Utslepp frå fiskeproduksjon

Med prosessvatn meiner ein her blodvatn, slaktevatn, transportvatn, vatn som har vore i kontakt med råstoff, produkt eller avfall, eller som er ureina på andre måtar.

Prosessvatn skal før det vert sleppt ut i sjøen, passere ein sjølvreinsande sil e.l. med spalteopning/silopning på maksimalt 1.5 mm (krav til utsleppsleidning sjå punkt 1.5.).

Det skal monterast feittutskiljar dimensjonert for ei effektiv opphaldstid på min 15 minutt, og overflatekapasitet på maksimalt 10 m³/m² h. Alternativ kan det installerast annan innretning med dokumentert like god utskiljingseffekt før prosessvatnet vert ført til sjøen.

Inntil vidare kan verksemda ta imot transportvatn frå fiskebåtane og sleppe det ureinsa inn på utsleppsleidning for prosessavløpsvatn.

1.2. Utslepp frå anlegg for lagring av ensilasje

Utslepp som følgje av reingjering skal koplast til utsleppsleidningen, før partikkelfjerna.

1.3. Sanitæravløpsvatn.

Sanitæravløpsvatn skal reinsast i tre-kamra slamutskiljar og førast til utslepp i sjøen på minst 5 meter djupne. Slamutskiljaren skal vere tilstrekkeleg dimensjonert i høve til avløpsmengda, og ha min. 9 timars opphaldstid for vatnet. Når kommunal hovudleidning blir ført fram til området, kan verksemda bli pålagt å knyte seg til dette anlegget.

1.4. Slam og avfall frå sil og feittutskiljar.

Handsaming av avfall frå rister, silar o.l., sjå punkt 4.

1.5. Utsleppsleidningar

Utsleppsleidningar for prosessvatn må førast ut til minst 25 meter djup, ved lågaste vasstand. Verksemda må kunne dokumentere utsleppsstad og djupne.

Utsleppsleidningane må forankrast slik at dei ikkje flyt opp eller endrar leie. Plassering må skje etter godkjenning av Kystverket/hamnevesenet, og leidningane må merkast i samsvar med dei vilkåra som Kystverket/hamnevesenet set.

2. UTSLEPP TIL LUFT

All lagring og transport av avfall, spyling, reingjering, og anna aktivitet knytt til verksemda skal gå føre seg slik at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

3. STØY

3.1. Maksimalt tillate støynivå

Følgjande immisjonskrav (ekvivalentnivå) skal tilfredsstillast for bustadhus (evt. hytter, sjukehus, pleieheim osv.)

Dag	(06 - 18)	50 dB (A)
Kveld	(18 - 22)	45 dB (A)
Natt	(22 - 06)	40 dB (A)
Søn- og helgedagar	(06 - 22)	45 dB (A)

Fastsette grenser for støy skal haldast i vilkårleg valde måleperiodar når det ikkje er sett nærare krav til midlingstid. Dersom støyen inneheld tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdiane reduserast med 5 dB (A). Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdiane for ekvivalentnivå med meir enn 10 dB (A).

Støymålingar skal gjennomførast i samsvar med "Veiledning for måling av støy fra industri – immisjonsmålemetode" frå SFT (TA-590), og skal utførast av uavhengig konsulent.

4. AVFALL OG SLAM

4.1. Generelt

Alle typar avfall (slakteavfall, daudfisk, feitt, slam, plast, papir m.v.) skal samlast opp etter kvart og handterast slik at det ikkje oppstår ureining. Dumping i sjø eller vassdrag er ikkje tillate, det same gjeld nedgraving eller brenning.

Verksemnda skal sjølv eller i samarbeid med andre verksemder ha nok utstyr til å handtere den daglege mengda avfall.

Ensilering, transport og anna handtering av avfall skal skje slik at det ikkje oppstår unødige luktplager eller fare for smittespreiing. Lagring og transport av fiskeavfall skal skje i lukka (væsketette) tankar.

Verksemnda må kunne dokumentere avfallsmengda, delt på ulike typar, og har rapporteringsplikt til fylkesmannen og Bremanger kommune.

4.2. Produksjonsavfall og forbruksavfall

Forbruksavfall skal leverast til kommunal renovasjon. Dersom verksemnda ønskjer å levere noko av dette avfallet til andre, må dette avtalast særskilt med kommunen. (Om leveringsplikt, sjå òg "Forskrift om sortering oppbevaring og levering til gjenvinning av brunt papir", T-1029.)

Organisk produksjonsavfall o.l. skal verksemnda sjølv anten nytte om igjen i eigen produksjon, eller levere til andre som kan nytte det i si verksemd eller som kan handsama det vidare.

4.3. Spesialavfall

Spesialavfall skal lagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller andre godkjende mottakarar. (Jf. "Forskrift om spesialavfall" frå 19. mai 1994, med endringar av 10. september 1996, T-1148).

5. DRIFTSKONTROLL

5.1. Driftskontroll for reinseanlegga

Verksemda pliktar å føre jamleg kontroll med reinseanlegga slik at desse alltid blir drive mest mogeleg effektivt, og slik at restutsleppa til ei kvar tid blir halde på eit minimum. For å sikre dette skal verksemda drive rutinemessig førebyggjande vedlikehald av reinseanlegga, og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

Verksemda skal òg utarbeide instruks for reinseanlegga, og føre driftsjournal over den daglege drifta av disse.

Ved planlegging og bygging av reinseanlegg, skal tilhøva leggjast til rette for kontroll av utsleppa, mellom anna ved å installere lett tilgjengelege inspeksjonsluker, e.l.

5.2 Inspeksjon

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gjev fullmakt, inspisere anlegget til ei kvar tid (jf. § 50 i ureiningslova).

5.3. Internkontroll

Alle verksemder med tilsette arbeidstakarar er, etter 01.01.1992, pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik blir følgde (jf. § 52 b. i ureiningslova, og «Forskrift om systematisk helse,- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter» (internkontrollforskrifta).

5.4. Journalføring/rapportering

Verksemda skal journalføre:

- Produsert fisk ved slakte/pakkeanlegget (mengde og fiskeslag).
- Fiskeavfall (mengde, samansetjing, handsaming og levering).
- Kjemikalieforbruk (type og mengde).
- Resultat av prøvetaking/analysar.
- Avfallsmengder, fordelt etter SSB si klassifisering.

Journalen skal takast vare på ved anlegget i minst 5 år, og den må vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

Innan **1. mars** kvart år skal det sendast inn eigenrapport til fylkesmannen med opplysningar om produksjon og resultat frå prøvetaking/analysar. Verksemda får tilsendt eige skjema for eigenrapportering.

5.5. Prøvetaking

Fire - 4 gonger kvart år skal det takast representative prøver av prosessavløpsvatnet, og analyserast på desse parametranne: ¹

- Suspendert stoff (SS).
- Feittinnhald.
- Organisk stoff (TOC, KOF eller BOF₇).

Prøvene skal min. vere blandprøver over eitt produksjonsdøgn. Verksemda kan sjølv avgjere kva parameter som skal veljast for å måle mengda av organisk stoff. Det må og ligge føre utrekningar/målingar av vassforbruk.

Prøvene skal takast av avløpsvatnet etter partikkelfjerning og feittutskiljing. Prøvane skal analyserast av uavhengig godkjent (akkreditert) laboratorium.

6. GRANSKING AV UREININGSTILHØVA

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det bli stilt krav om miljøgransking ved utleppstadene (jf. ureiningslova § 51). Eigaren av verksemda kan òg påleggjast å betale ein høveleg del av kostnaden ved eit kontrollprogram for området der utsleppa er plasserte.

7. ANDRE VILKÅR

7.1. Eigen kontroll

Verksemda pliktar, gjennom instruksar, kontrollar og andre tiltak, å sørgje for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir minst mogeleg. Til dette kjem plikt til, så langt som råd, å søkje å hindre unormale driftsforhold som kan skape høgare utslepp enn normalt. Verksemda pliktar òg å redusere drifta, eller stoppe dersom det elles vil oppstå vesentlege overskridingar av dei normale utsleppa.

7.2. Akutte utslepp

Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp. Dersom akutte utslepp oppstår, skal fylkesmannen varslast snarast råd. I samsvar med rundskriv T-914 frå Miljøverndepartementet, skal brannvesenet i kommunen varslast ved alle akuttutslepp frå landbasert verksemd.

7.3 Eigarskifte

Ved eigarskifte eller nedlegging av verksemda skal det gjevast melding til fylkesmannen innan -4- fire veker. Det same gjeld ved namneending.

7.4 Opprydding

Verksemda plikter å halde området rundt fabrikkent reint og ryddig. Ved nedlegging eller driftsstans, pliktar verksemda å rydde opp på det området som verksemda har nytta.

¹ Dersom verksemda tek imot transportvatnet frå fiskebåtane skal det gjennomførast tilsvarande analysar av dette avløpsvatnet.